

---

**Saknr:** 2020/48780-13  
**Saksbehandlar** Frank Tore Farsund Tveit  
**Dato:** 29.10.2020

---

---

**Til:** Hovudutval kultur, idrett og integrering  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Sluttrapport kartlegging av tilgjengelegheit på turveggar i Vestland 2020

Vedlagt ligg sluttrapport til Kartverket, for kartlegging av tilgjengelegheit på turveggar i friluftsområder i Vestland i 2020.

Vestland fylkeskommune fekk i år 50 000 kr av Kartverket for å kartlegge tilgjengelegheit på turveggar i friluftsområder i Vestland fylke. I tillegg sette Hovudutvalet av inntil 300 000 kr til kartlegginga jf. saknr. PS 61/2020.

Det vart etablert eit samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Bergen og Hordaland turlag, og Bergen og Omland friluftsråd for gjennomføring av kartlegginga. Til saman er det kartlagt 40 turveggar i 12 kommunar. Data frå kartleggingane er lagt inn i [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no) i tråd med retningslinjene i tilskotsordninga til kartverket.